



**for a living planet®**

WWF-Norge

Kristian Augusts gate 7a  
Pb 6784 St. Olavs plass info@wwf.no  
0130 OSLO [www.wwf.no](http://www.wwf.no)  
Norge

Det Kongelege Finansdepartement  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

[postmottak@fin.dep.no](mailto:postmottak@fin.dep.no)

Oslo, 20. februar 2008

## **HØYRING – FORSLAG TIL FORSKRIFT OM FOND FOR MILJØTILTAK**

Vi viser til mottatt høyringsbrev, dykkar ref. 07/4471 SL LCT/KR, datert 23. januar d.å. med forslag til forskrift om fond for miljøtiltak m.v. innanfor skipsfartsnæringa.

### **Innleiing**

WWF er svært godt nøgd med at denne ordninga kan etablerast. - Det er behov for streng regulering av skipsfarten i høve til miljø, men det er òg behov for ordningar som gjer det attraktivt å vere betre enn minimumsreglane krev, og å agere før og i påvente av at nye, strengare reglar skal tre i kraft. Etablering av eit fond som medfører at det ikkje er ulønsamt å investere i miljøtiltak, vil vere eit godt verkemiddel for mindre påverknad, risiko og skadar på miljøet frå skipsfarten. Generelt vil vi gi ros for innhaldet i framlegget. Vi har likevel nokre kommentarar til det som er foreslått, samt nokre forslag for å gjere forskrifta endå betre.

### **Eit godt miljøtiltak manglar**

Eit tiltak som verkeleg vil monne for havmiljøet, er å sikre at alle skip leverer alt miljøskadeleg materiale til mottak i land. Årleg mottek havet, hamner og kyststrok enorme mengder forureining frå skip. Dette inkluderer sjølvsagt uhellsutslepp, men dei store mengdene kjem frå ulovlege og operasjonelle utslepp. Til dømes har ulike undersøkingar vist at skipsfart står for 14 % av all tilførsel av olje til sjøen. – Det er sjølvsagt WWFs håp at innføringa av den satellitt-baserte overvakinga LRIT (Long Range Identification and Tracking) etterkvart vil kunne avsløre slike miljøsynder, slik at forureinarane vert straffa. Men ein god måte å sikre at alt miljøskadeleg materiale, avfall frå drift og operasjon, lasterestar, ureinsa ballastvatn, m.v. ikkje vert dumpa til sjø, er å stille med gratis mottak eller å refundere kostnader forbunde med å levere slikt avfall.

WWF ber om at kostnadsfri levering av alt avfall til mottaksfasilitetar i land vert vurdert som eitt av miljøtiltaka under denne forskrifta.



**for a living planet®**

### **Reduksjon av utslepp av CO2 og andre klimagassar som miljøtiltak**

Etter WWF sitt syn er det påfallande at tiltak for reduksjon av utslepp av CO2 og andre klimagassar ikkje er direkte omtala i høyringsnotatet eller framlegget til forskrift. – Særleg sett med bakgrunn i at skipsfart (til saman for både internasjonal og nasjonal skipsfart) står for nærare ein tidel av alle utslepp av karbondioksyd globalt, og at det no endeleg er omforeint at skipsfart ikkje lenger skal unntakast frå reknskapane over utslepp. Vi reknar likevel med at tiltak som reduserer utslepp av CO2, og minkar vår tids store trugsmål, klimeendring, vil vere omfatta under den foreslåtte § 8-20-3 ”Definisjon av miljøtiltak”, punkt 1: ”Med miljøtiltak menes ethvert tiltak som fører til reduksjon av forurensning. Som forurensning regnes miljøpåvirkning som omfattes av forurensningsloven §§ 6 og 27.” Forurensningslovas § 6 seier følgande;

*”Med forurensning forstås i denne lov:*

- 1) tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vann eller i grunnen,*
- 2) støy og rystelser,*
- 3) lys og annen stråling i den utstrekning forurensningsmyndigheten bestemmer,*
- 4) påvirkning av temperaturen*

*som er eller kan være til skade eller ulempe for miljøet.*

*Som forurensning regnes også noe som kan føre til at tidligere forurensning blir til økt skade eller ulempe, eller som sammen med miljøpåvirkning som nevnt i nummer 1 til 4, er eller kan bli til skade eller ulempe for miljøet.”*

Vi konkluderer derfor med at tiltak som inneber reduksjon av utslepp av CO2 eller andre klimagassar, vil kunne vere omfatta av dette framlegget.

### **Dekking av tiltak for reduksjon av NOx-utslepp**

Når det gjeld dekking av utgifter i høve til NOx-utsleppsreducerande tiltak, kjem det ikkje klart fram i høyringsnotatet kor vidt den nyleg etablerte avtalen mellom staten ved Miljøverndepartementet og næringslivet ved NHO, reiarlag, fiskarorganisasjonar, m.fl. allereie har etablert ei ordning som ivaretek behovet for dekking av utgifter til tiltak. – Dette bør sjåast i samanheng, slik at ein ikkje vert ”premiert” to gonger for det same tiltaket.

### **Til forskriftsframlegget**

WWF meiner det vil vere klargjerande om tittelen på forskrifta vert utvida med orda ”for skipsfartsnæringa” (slik det framkjem i formålet for forskrifta); - ”Utfyllende bestemmelser om fond for miljøtiltak **for skipsfartsnæringen**, mv., fastsatt med hjemmel i overgangsregler til endringene i skatteloven §§ 8-14, 8-15 og 8-17 vedtatt ved lov 14. Desember 2007 nr 107”.



**for a living planet**

*Til § 8-20-3 "Definisjon av miljøtiltak", punkt 4, bokstavane a-d og punkt 5 bokstav a":*  
Vi viser til vår merknad over om dekking av tiltak for reduksjon av NOx-utslepp.

*Til § 8-20-3 "Definisjon av miljøtiltak", punkt 4, bokstav e "Anlegg for håndtering av ballastvann":*  
WWF er svært nøgd med at dette tiltaket er med. Innføring av framande organismar via skips ballastvatn er eit stort og velkjent problem, og framande artar er vurdert som ein av dei aller største truslane mot livet i havet – Dette vil vere eit svært godt middel for å få reiarlaga til innføre naudsynt reinseteknologi så snart som mogleg, ettersom det vil ta mange år før ballastvatnkonvensjonen og andre reguleringar vil vere på plass og sikre dette.

*Til § 8-20-3 "Definisjon av miljøtiltak", punkt 4, forslag til ny bokstav f "anlegg og/eller teknologi som hindrer innføring av fremmede organismer via skipsskrog":*

Vi vil minne om at innføring av framande, marine artar via skipsskrog er like omfattande som via ballastvatn. I nord-europeiske farvatn er det dokumentert om lag like mange framande artar via skrog (bio-fouling) som via ballastvatn, med i overkant av hundre framande artar på kvar vektor. Vi kjenner til at det er fleire tiltak på marknaden som kan redusere denne negative miljøpåverknaden i stor grad, og WWF vil derfor foreslå å legge til eit nytt punkt om dette, som bokstav f: "anlegg og/eller teknologi som hindrer innføring av fremmede organismer via skipsskrog"

*Til § 8-20-3 "Definisjon av miljøtiltak", punkt 5, bokstav b "Kjøp av kobberfritt bunnstoff" forslag til endring/tillegg:*

WWF er glad for at framlegget tek den negative påverknaden på havmiljøet frå tungmetallet kopar i botnstoff på alvor. Sjølv om IMO-konvensjonen om botnstoff ("AFS-konvensjonen") no vert gjort gjeldande frå september i år, og sjølv sagt i stor grad vil ivareta omsyna knytte til miljøskadeleg innhald i botnstoff, er vi urolege for at dette punktet synes avgrensande. Vi vil foreslå å endre ordlyden til ; *punkt 5, bokstav b "Kjøp av bunnstoff uten kobber og andre stoffer med negativ miljøpåvirkning"*

*Til § 8-20-3 "Definisjon av miljøtiltak", punkt 5, bokstav c "Kjøp av drivstoff med lavt svovelinnhald":*

WWF er i utgangspunktet undrande til at utgifter til drivstoff, og dermed subsidiering av ordinær drift, skal kunne dekkast i denne ordninga. Vi ber om at dette vurderast grundig. Lågsvoelddrivstoff er elles eit tiltak som vi i lang tid har oppmoda reiarar til å gjennomføre for sine skip, og som etterkvart har fått betre reguleringar gjennom internasjonalt regelverk og avtalar.



**for a living planet®**

Dersom kjøp av drivstoff med lågt svovelinnhald skulle verte definert inn som eit punkt under miljøtiltak, vil WWF likevel påpeike at vi i så fall ikkje kan sjå nokon grunn til avgrensinga som her er foreslått, der skip med fartsområde *utanfor* Nordsjøen eller Austersjøen etter framlegget kan forståast til ikkje å vere omfatta av refusjon av drivstoff med svovelinnhald lågare enn 1,5 %, og der det presiserast at ”Med lavt svovelinnhold menes 0,5 pst. eller mindre for skip med fartsområde helt eller delvis i Nord- eller Østersjøen, slik disse områdene er definet i forskrift 16. Juni 1983 nr 1122 om hindring av forurensning fra skip § 7-10 første ledd a og b, og for andre skip 1,5 pst. eller mindre.” Det kan vel ikkje vere forskriftas intensjon å vanskeleggjere bruk av drivstoff med lågare svovelinnhald for andre område enn Nordsjøen og Austersjøen, - dersom det i det heile skal ystast stønad til kjøp av drivstoff.

Med venleg helsing

WWF-Norge

/s/  
Rasmus Hansson  
Generalsekretær

/s/  
Anne-Beth Skrede  
Skipsfartsrådgivar